

Sak 7.1 Frå omsorgstrapp til tiltakstrapp

Mange kommunar vil slite med å få tak i nok fagfolk i eldreomsorga i åra som kjem. Vi blir stadig fleire eldre, og dei eldre lever lenger. Mange vil få behov for hjelp i det daglege, på ulike nivå. Det er eit mål at fleire skal greie seg heime i eigen eigna heim lenger.

Då må vi organisere denne hjelpa på ein annan måte enn i dag. Fleire kommunar, m.a. Sogndal, har innført det dei kallar omsorgstrappa. Dei lågaste trinna utgjer dei enklaste tiltaka som må til, dei høgaste trinna utgjer sjukeheim eller tilsvarande.

I åra framover kan både kommuneøkonomi og tilgang på fagfolk gjere at ein må prioritera dei som har behov for mest og tyngst hjelp, altså dei på dei høgaste trinna i omsorgstrappa. Mange eldre har etterlyst tiltak på dei nederste trinna – kva vil kommunen kunne tilby her?

I dag bidreg frivillig sektor med mange gode tiltak for den gruppa av eldre som treng noko hjelp, og ikkje minst sosialt samvær. Men det frivillege skal ikkje utføre kommunen sine oppgåver. Kanskje det likevel er behov for eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom kommune og frivillig sektor? Kan ein drøfte grenseoppgangen mellom det som skal vere eit offentleg ansvar, og det som frivillege kan ta seg av? Akkurat som nokre sjukehus har flytta på oppgåver frå ein profesjon til ein annan, eller til ufaglærte, og dermed frigjort tid til at legar og sjukepleiarar kan gjere dei jobbane som krev slik kompetanse.

Då bør ein involvere heile det kommunale apparatet, ikkje berre helse og omsorg. Kan t.d. teknisk sektor bidra med visse typar praktisk bistand? Kva kan frivillege gjere? Kan omsorgstrappa døypast om til ei tiltakstrapp? Der også frivillege sin innsats blir synleggjort og blir ein del av dei nederste trinna? Alle gode krefter trengst i framtidens eldreomsorg. T.d. kan ein også mobilisere ungdom til i større grad å delta i frivillig arbeid? Eventuelt få nokre timar i veka løna av kommunen? Det er til dømes eit stort behov for besøksvener, for transport til butikk og arrangement, samt hjelp til praktisk arbeid i hus og hage.

SV ønskjer ein debatt om organisering av eldreomsorga i kommunane, der ein tek med alle ressursar ein rår over i det kommunale apparatet, saman med lokale frivillege lag og organisasjonar. Saman kan ein fylle ut omorgs- eller tiltakstrappa, og fylle den med innhald som mange etterlyser. Og samstundes gjere noko med einsemda, som og er eit stor samfunnsproblem i alle aldersgrupper.

Framlegg frå styret: Fråsegna vedteken og sendt media og fremja for fylkesårsmøtet